

NORSK SPRÅKRÅD

┌
Kyrkje-, utdannings- og
forskningskomiteen
v/Alice Braadland
Stortinget
0026 OSLO
└

REF.

VÅR REF.
200300153-2 ER

DATO
29.8.03

Synspunkt på forslag om valfri sidemålsopplæring i skulen – Dokument nr. 8:110 (2002-2003)

Norsk språkråd har fått kjennskap til at det er fremja eit forslag for Stortinget frå stortingsrepresentantane Arne Sortevik, Ursula Evje og Ulf Erik Knudsen om å innføra valfri sidemålsopplæring i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Norsk språkråd tillet seg å senda over til komiteen synspunkt på dette forslaget.

Med helsing

Ola Haugen
leiar

Marit Hovdenak
dagleg leiar

Vedlegg

POSTADRESSE

Postboks 8107 Dep
03 51
0032 OSLO

KONTORADRESSE
TELEFAKS

C.J. Hambros plass 5
0164 OSLO

TELEFON

24 14 03 50

24 14

Synspunkt frå Norsk språkråd på forslag om valfri sidemålsopplæring i skulen – Dokument nr. 8:110 (2002-2003)

Me viser til framlegget til Stortinget frå representantane Arne Sortevik, Ursula Evje og Ulf Erik Knudsen om valfri sidemålsopplæring i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Norsk språkråd meiner det vil vera eit brot med norsk språkpolitikk å gjera den skriftlege sidemålsopplæringa valfri, og Språkrådet rår sterkt ifrå å gå inn på dette framlegget. Forsøk med fritak kan på sikt få svært alvorlege følgjer for jamstillinga mellom dei to norske målformene. Språkrådet har tidlegare, mellom anna i brev av 13.9.00 til utdanningsminister Trond Giske og 20.6.02 til Læringscenteret uttrykt ynske om at det blir gjort forsøk med sidemålsopplæringa for å koma fram til betre undervisningsmetodar og -opplegg.

Nedanfor legg me fram nokre hovudsynspunkt på framlegget frå stortingsrepresentantane.

1 Presiseringar og tillegg til kapitlet ”Bakgrunn” i Dokument nr. 8:110:

Formuleringa ”Sidemålsundervisningen i den norske skolen var valgfri til å begynne med” treng ei presisering. Landsmålet vart offisielt skriftspråk i Noreg i 1885. Frå 1892 (Ot.prp. nr. 44) kunne skulestyra velja mellom bokmål og nynorsk som opplæringsmål, men det var berre *munleg opplæring* og *tekstlesing* i den andre målforma (sidemålet) i den gamle *folkeskulen*. Dette gjeld framleis for *klassestega 1–8* i vår grunnskule. I 1890 vedtok Stortinget at *lærarskulane* skulle gje opplæring i landsmål ved sida av riksmålet, og frå 1902 fekk lærarskulekandidatane ei skriftleg prøve i begge målformer.

I forslaget frå dei tre stortingsrepresentantane står det vidare at Stortinget i 1907 påla ”alle elever å skrive en lett stil i sidemål”. Her er det nok tenkt på at den sidemålsskipnaden som no gjeld i den vidaregåande skulen, vart vedteken for det gamle *gymnaset* i 1907. Det var ein hard kulturpolitisk strid i Stortinget den gongen (særleg mellom Venstre og Høgre), og for å koma fram til semje vart det vedteke at kravet om skriftleg opplæring i både bokmål og nynorsk til examen artium skulle ta til å gjelda frå 1912. Det vart dessutan semje om at artiumsprøva i sidemålet dei første fem åra berre skulle vera ei attforteljing for å letta overgangen til stilen.

Som det går fram av Dokument nr. 8:110, kom det frå 1935 krav om ei skriftleg prøve i sidemålet i *realskulen* eller *middelskulen*. Men denne prøva vart ført vidare og var ikkje noko nytt tiltak då realskulen vart avløyst av den nye obligatoriske *niårige ungdomsskulen*. I lov av 13. juni 1969 om grunnskulen heiter det (§ 39-5): ”Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. (...) Frå sjuande klassesteget avgjer elevane sjølve kva målform dei skal nytte.” Det same finn me att i forskriftene til opplæringslova frå 1998 for grunnskulen og den vidaregåande skulen (§ 2-5), som seier at elevane vel si eiga målform frå åttande klasse, og at dei skal ha opplæring i begge målformer dei to siste åra i grunnskulen (9.–10. klassesteget).

Dei tre stortingsrepresentantane hevdar i framlegget sitt at obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning ikkje har lang tradisjon i det norske skulestellet. Det historiske risset ovanfor

viser noko anna. Stortinget gjorde det historiske måljamstillingsvedtaket i 1885, og opplæringa både i den vidaregåande skulen og i lærarutdanninga skriv seg som nemnt frå tidleg på 1900-talet. I realskulen vart dette emnet i norskfaget obligatorisk i 1935 og har naturleg vorte ført vidare til ungdomssteget i grunnskulen. Det blir såleis ikkje rett å hevda at denne opplæringa har kome gradvis.

2 Andre kommentarar:

2.1 Sidemålsundervisninga – læringsresultat og tidsbruk

Storingsrepresentantane viser til undersøkingar om at det står dårleg til med lese- og skrivekompetansen blant norske skuleelevar, og dei peiker på at norskfaget bør samla seg om éi målform for å bøta på det. Dei siterer professor Finn-Erik Vinje ved Universitetet i Oslo, som m.a. seier at sidemålsundervisninga stel dyrebar tid. Vårt inntrykk er at det ikkje kan påvisast ein slik eintydig samanheng mellom læringsresultat og tidsbruk som stortingsrepresentantane viser til. Me kjenner heller ikkje til at det finst sikre tal for kor mykje tid som blir brukt på sidemålet. Professor Kjell Lars Berge, også han ved UiO, kommenterer i ein artikkel i bladet Språknytt at det finst lite faktisk kunnskap på dette området. I vedlegg 1 har me sitert frå Berges artikkel, som vart skriven i samband med at byrådsleiar Bård Folke Fredriksen hausten 2000 føreslo at Oslo kommune skulle få driva valfri sidemålsopplæring i den vidaregåande skulen.

Det er elles merkeleg at framleggsstillarane bruker ei fersk undersøking om lesedugleiken til norske 10-åringar for å underbyggja at det trengst opplæring i eitt skriftspråk i den norske skulen. I den alderen har elevane berre lese nokre få tekstar på sidemålet, og slett ikkje hatt skriftleg opplæring i det.

2.2 Sidemålsopplæringa – obligatorisk og nødvendig

Dei tre stortingsrepresentantane siterer Ivar Aasen for å få støtte for at ingen skal måtta læra nynorsk mot sin vilje. Men på Aasens tid var nok hovud- og sidemål ukjende nemningar, og det er nettopp i hans ånd når elevane sjølve etter skulelovene får velja sitt eige hovudmål, etter opplæringslova frå 8. klasse av (jf. pkt. 1 ovanfor). Eit moment i den samanhengen som ofte er underkjent, er at først når elevane får opplæring i begge målformer, har dei eit reelt høve til å velja kva målform dei sjølve vil ha som sitt hovudmål.

Språkrådet går imot å gjera sidemålsopplæringa valfri. At knapt nokon, utan dei mest målretta, då ville velja denne opplæringa, ser me som sjølv sagt – svært mange emne og fag i norsk skule vart valde bort om dei var valfrie. Når Språkrådet sterkt stør den skriftlege sidemålsopplæringa, er det ut frå den tanken at det trengst kunnskap i begge dei offisielle målformene. Argumentet frå dei tre stortingsrepresentantane synest overflatisk: ”Det er snakk om å prioritere hvorvidt elever skal få bedre tid og anledning til å lære seg sitt hovudmål, eller om man skal ta hensyn til prinsipper om å tviholde på det gamle kravet om opplæring i to skriftspråk for å tilfredsstille enkelte språkorganisasjoner.” – Jamstillinga mellom bokmål og nynorsk har sidan 1892 vore ein grunnleggjande premiss i norsk språkpolitikk. Når kravet om to målformer er lovfest i samfunnet, inneber det at alle skal få oppfylt dei språk-

lege rettane sine. Til det trengst kunnskap i og kjennskap til begge målformene, og det er ein viktig del av allmenndanninga å meistra begge. Det har såleis vore eit vilkår for generell studiekompetanse at studentar har fått skriftleg opplæring i både nynorsk og bokmål. I ei rad stillingar i skuleverket, i statsadministrasjonen og i ein del andre administrative stillingar er yrkesutøvarar pålagde å meistra begge målformer skriftleg. Lov om målbruk i statstenesta frå 1930 vart avløyst av lov om målbruk i offentleg teneste frå 1980 med seinare tillegg og forskrifter. I samband med at Norsk språkråd fører tilsyn med mållova, er det registrert mangelfull nynorskkompetanse i samfunnet. Statsinstitusjonane har vanskeleg for å etterleva mållova, og mange av dei grunnjev dette med at nynorskkompetansen hjå dei tilsette er for dårleg. Oslo er i ei spesiell stode i så måte, sidan hovudstaden har så stor del av dei statlege stillingane.

Storingsrepresentantane peiker på at obligatorisk opplæring blir urettferdig når mange av ulike grunnar er fritekne, jf. forskriftene til opplæringslova § 8-1 og 8-2. Dette er me same i, og Språkrådet har i fleire fråsegner til læreplanar dei siste åra uttrykt uro over at fleire og fleire grupper får fritak for denne delen av norskfaget. Dette er ei uheldig utvikling, som på lengre sikt kan grava grunnen under jamstillinga mellom målformene.

Eit moment som etter vårt syn er meir byggjande enn å slå av på krava om kunnskapen om og dugleiken i sidemål, er å syta for ei betre opplæring. Dette er det på høg tid å få gjort, især i nynorsk sidemål.

2.3 Sidemålsundervisninga – metodiske forsøk heller enn valfridom

Norsk språkråd rår til å *styrkja* opplæringa i denne delen av norskfaget. Etter vårt syn har ikkje utdanningssystemet teke alvorleg den mangelfulle skrivedugleiken som blir oppnådd i sidemålet, heller ikkje at norske elevar har utvikla svært negative haldningar mot ordninga. I ei undersøking som vart gjennomført i samband med prosjektet om fellesspråklege lærebøker i samfunnslære¹, kom det fram at 71 % av bokmåls- og nynorskelevane er mot skriftleg opplæring i sidemål. Ein såkalla ”språkholdningsindeks” viste at 82 % av bokmålskelevane er negative til nynorsk i det heile. – Storingsrepresentantane peiker i framlegget på at sidemålsopplæringa er meningslaus for elevane, gjev dei liten motivasjon og dermed fører til negative haldningar. Frå dette sluttar dei at ”faget” skal vera valfritt. (Me vil her understreka at bokmål og nynorsk ikkje er to ulike fag, men emne innanfor det same faget, norsk.)

Dersom undervisninga korkje fører til brukande språkdugleik hjå barn og unge og heller ikkje til særleg skriftspråkleg toleranse, bør noko gjerast, men for Språkrådet er det inga løysing å avvikla ordninga. Eit viktig mål for forsøk i sidemålsopplæringa blir dermed å få snudd *negative haldningar* – også hjå lærarane. No skal det nok meir enn auka kompetanse hjå motiverte lærarar til for ei slik haldningsendring. Men at innstillinga *lærarane* har, har mykje å seia, viser rapporten frå forsøket med sidemålsseksamen til jul i tredje klasse²: ”I sine frie kommentarar trekker mange elevar fram nettopp mangelen på motivasjon og inspirasjon hos norsklærerne når de kommenterer sine tidligere erfaringer med sidemåls-

¹ Prosjektet ”Fellesspråklige lærebøker i samfunnslære” frå Senter for etterutdanning, Allforsk 1998, i samarbeid med Nasjonalt læremiddelsenter

² Prosjektet ”Alternativ eksamensavvikling i sidemål” frå Senter for etterutdanning, Allforsk 1996, i samarbeid med Nasjonalt læremiddelsenter

undervisning. Dette legger flere elever vekt på når de kommenterer hvilke faktorer som har formet deres holdninger til sidemålet og sidemålsundervisninga.” Me kan dessverre ikkje sjå bort frå at nokre norsklærarar har slik uvilje mot sidemålet at dei er uskikka til å undervisa i emnet. For elevar som har tillit til at ein fagperson veit kva han eller ho uttalar seg om, får slik negativ haldning stor gjennomslagskraft. Større kompetanse i og kunnskap om undervisningsemnet kan vonleg vera med på å minska den negative innstillinga hjå einskilde lærarar. Difor bør auka kunnskap og metodikk i sidemålsundervisning prioriterast i etterutdanninga.

I tidlegare brev til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og Læringscenteret har Språkrådet uttrykt ynske om *forsøk med sidemålsundervisninga* og vidare ein pedagogisk debatt om metodar for å betra opplæringa i dei to målformene. Læringscenteret har då òg i ein del tilfelle gjeve dispensasjon frå forskriftene i opplæringslova om å driva forsøk med sidemålsopplæringa, men så vidt Språkrådet kjenner til, har ingen fått innvilga søknader som inneber forsøk med *valfri* sidemålsopplæring. Læringscenteret skal administrera forsøk som gjeld grunnskulen og den vidaregåande skulen. Men det trengst òg tilsvarande forsøk i lærarutdanninga, for å sikra elevar i vidaregåande skule kompetente norsklærarar som meistrar både nynorsk og bokmål både fagleg og didaktisk. Utvalet som evaluerte norskfaget i allmennlærerutdanninga på oppdrag frå KUF i 1998, seier i rapporten sin at ein viktig grunn til høg strykprosent i norsk blant allmennlærerstudentar er at dei ikkje kan skriva nynorsk. Usikre lærarar gjev dårleg undervisning, og dei vil i liten mon vera nyskapande og bryta ned nedervde undervisningstradisjonar. Lærerutdanninga er no i ein omleggingsfase, og i brev 9.1.02 til Utdannings- og forskingsdepartementet om omorganiseringa skriv Språkrådet at det må presiserast at norskfaget inneber opplæring i begge målformer, både i allmennlærerutdanninga og i den delen av førskulelærerutdanninga som dekkjer dei tre første skuleåra. Berre slik kan dei språklege rettane elevane har, sikrast. Eit anna moment er at lærarane må få høve til å gå på etterutdannings- og vidareutdanningskurs, og det bør utarbeidast spesielle opplegg for lærarar med tanke på undervisning i nynorsk som sidemål.

Kritikken frå *elevane* når det gjeld læringssituasjonen i sidemål, slik Norsk språkråd har oppfatta han i media og i direkte kontakt over telefon og i e-post, rammar fleire nivå i skulen. Elevane peiker på manglande lærarkompetanse, dårlege undervisningsmetodar, negative lærarhaldningar og manglande legitimering av nynorskopplæringa. Spørjeundersøkinga i samband med språkløyvde lærebøker viste svært stor kunnskapsmangel om språksituasjonen i Noreg og om forholdet mellom bokmål og nynorsk, og at elevhaldningane i stor mon er tufta på overleverte fordommar. Kritikken mot sidemålsundervisninga går særleg på at gammaldags og formalistisk metodikk rår grunnen. Ei kritisk vurdering av denne undervisninga kunne vonleg gje grunnlag for å få utvikla nye metodar.

2.4 Frå to målformer til éi?

I eit avsnitt viser Dokument nr. 8:110 til ei utsegn frå tidlegare leiar i Utdanningsforbundet i Oslo, Eva Nærby, som seier at bokmål og nynorsk har vorte så like at ein kan spørja seg om det er rett tidsbruk å læra begge. Dette er sjølv sagt eit ærleg synspunkt, men det er lite gagnleg å ta det opp i denne samanhengen. Dersom bakgrunnen for framlegget frå stortingsrepresentantane er å opna for ein diskusjon om at det helst bør vera eitt skriftspråk i landet vårt, ville det vore meir realt å ta den saka opp i Stortinget.

3 Konklusjon

Denne merknaden vår til framlegget frå dei tre stortingsrepresentantane kan samlast i éi setning, henta frå brevet me sende utdannings- og forskingsminister Trond Giske 13.9.00 i samband med det nemnde framlegget frå byrådet i Oslo: "Valgfri skriftlig sidemålsopplæring vil være et brudd med norsk språkpolitikk, og forsøk med fritak kan på sikt få svært alvorlige følger for likestillingen mellom bokmål og nynorsk." Vårt inntrykk er likevel at det er politisk vilje til å halda oppe systemet med to målformer. I tiltredingsfråsegna si (Semerklæringa) gjev regjeringa uttrykk for dette: "Samarbeidsregjeringa vil verna og halda i hevd dei to norske skriftspråka våre og halda fast ved norsk skriftkultur som ein berebjelke i kulturlivet vårt."

Me viser til dei to vedlegga nedanfor, og rår elles medlemmene av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen til å lesa Språknytt nr. 1–2/2003 (<http://www.sprakrad.no>), eit tema-nummer om sidemålsopplæringa. Der fortel m.a. norsklærarar om røynsler frå klasserommet og gjev døme på korleis ein kan leggja opp undervisninga i sidemålet jamsides hovudmålet. Språkrådet har også lagt ut anna stoff som gjeld sidemålsopplæringa på heimesidene.

Vedlegg 1

Frå Kjell Lars Berges artikkel i Språknytt nr. 1-2/01:

”I forbindelse med undersøkelsene av de såkalte «fellespråklige» lærebøkene for noen år tilbake – et prosjekt jeg ledet sammen med sosiologen Berit Skog ved NTNU – gikk vi gjennom forskningen som fantes på dette feltet. Og for å si det som det er: Det finnes ingen forskningsmessige belegg for de synspunkter Høyre-byråden forfekter når det gjelder forholdet mellom skolens tidsbruk til sidemålsundervisning på den ene sida og norske elevers skrive- og leseferdigheter på den andre. Og hvem det nå er som er kilden for professor Vinjes påstander, er det ikke forskningsbaserte undersøkelser, rapportert på akseptable måter i vitenskapelige rapporter og artikler. Det vi vet om forholdet mellom sidemålsundervisning på den ene sida og lese- og skriveferdigheter, holdninger, tidsforbruk m.m. på den andre, er meget lite, oppsiktsvekkende lite når man tar i betraktning den kulturpolitiske argumentasjonen for og imot ordningen. Det vil si, når det gjelder holdningene til ordningen, vet vi ganske mye, men det er takket være de undersøkelsene Skog, jeg og våre assistenter gjennomførte i forbindelse med forskningsprosjektet omkring fellespråklige lærebøker. I de systematiske undersøkelsene av norske skoleelevers leseferdigheter som er gjennomført, er det ingenting som kan forklares med den norske tospråkssituasjonen generelt og sidemålsundervisningen spesielt. I den såkalte IEA-undersøkelsen av lesing som norske forskere og Norge deltok i (IEA=The International Association for the Evaluation of Educational Achievement), kunne forskerne ikke forklare hvorfor norske skoleelevers leseferdigheter var forholdsvis middelmådige. Dessuten var situasjonen den at i mange land som var enspråklige, var leseferdigheten dårligere enn i Norge, bl.a. i Danmark.

Det lille vi vet om norske skoleelevers leseforståelse av bokmål og nynorsk – igjen takket være våre undersøkelser i forbindelse med forskningsprosjektet på fellespråklige lærebøker – gir heller ingen belegg for at norske bokmålselever har større problemer med å lese nynorsk enn bokmål, selv om mange av de elevene i det fellespråklige lærebokprosjektet som vi testet leseforståelsen til, påstod det motsatte, til dels ganske skråsikkert. Og når det gjelder norske elevers skriveferdigheter, visste vi og vet enda mindre. I Norge er det så å si ikke gjennomført vitenskapelige undersøkelser av norske skoleelevers skriveferdigheter, og slett ikke undersøkelser der disse ferdighetene sammenliknes med tilsvarende ferdigheter blant skoleelever i andre land. Et siste moment som bør nevnes, er at det heller ikke finnes undersøkelser av omfanget av sidemålsundervisningen i norskfaget. Det lille vi vet på dette området, tyder imidlertid på at det er svært lite av slik undervisning. Den foregår gjerne i forbindelse med grammatikkundervisningen og/eller som rettinger og kommentarer fra læreren når elevene av og til skriver en tekst på sidemålet. Når en samtidig vet hvor lite det er av særlig grammatikkundervisning i skolen i dag, bør en mer gjennomtenkt slutning være at det så å si ikke drives systematisk sidemålsundervisning i morsmålsfaget i norske skoler i det hele tatt. På bakgrunn av en slik innsikt var det altså mer rimelig å slutte seg til synspunkter motsatt dem byråden brukte som argument for å foreslå at skriftlig sidemålsundervisning avskaffes i Oslo-skolen.”

Vedlegg 2

Frå brev av 20.6.02 frå Norsk språkråd til Læringscenteret om forsøk med sidemålsopplæringa:

”Etter Norsk språkråds syn bør sidemålsopplæringa leggja til rette for at desse måla blir nådde:

- a) Elevane skal oppnå eit rimeleg ferdigheitsnivå i skriftleg sidemål
- b) Dei skal ha god kunnskap om den norske språksituasjonen
- c) Dei skal utvikla forståing for dei sosiale og historiske føresetnadene for den norske språksituasjonen
- d) Negative haldningar til sidemålet skal minskast

Me gjer difor framlegg om at *forsøk* med sidemålsopplæringa bør gå inn på desse momenta:

1 Kartleggja kva stilling sidemålsundervisninga har når det gjeld ulike rammefaktorar, pedagogiske opplegg/undervisningsformer, faglege resultat og haldningar til faget. Det bør kartleggjast i kva mon lærarane treng etterutdanning i emnet.

2 Prøva ut alternative pedagogiske opplegg/undervisningsformer der ein på ein systematisk måte granskar kva læringsresultat som kan oppnåast i forsøksperioden når det gjeld skriveferdigheit i sidemålet og kunnskap om og haldningar til sidemål.

3 Samanlikna systematisk dei alternative pedagogiske opplegga/undervisningsformene med tradisjonelle undervisningsformer.

Evaluering av forsøka, publisering

Vi reknar med at dei røynslene og resultata Læringscenteret kjem fram til etter at forsøka er gjennomførte, blir gjorde tilgjengelege og gjerne presenterte i rapportar. Truleg vil det vera stor interesse for utfallet av forsøksordninga, og vi ser ikkje bort frå at Læringscenteret ville nå mange med ein konferanse om forsøksresultata, korleis dei bør tolkast, og kva for føringar dei vil gje.”